



En Til En Arkitekter AS  
Marianne Ø. Aasebø  
Vaskerelven 8  
5014 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1514 - 23/4368

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@alver.kommune.  
no

Dato:  
17.01.2023

## Igangsettingsløyve for grunnarbeid - Sveåsen felt B3, tiltak B leilighetsbygg - gbnr 322/247 Mjåtveit

**Administrativt vedtak:** Saknr: 064/23  
**Tiltakshavar:** Sveåsen AS  
**Ansvarleg søkjar:** En Til En Arkitekter AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av grunn-, terreng og betongarbeid for leilighetsbygg med 8 bueiningar på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 03.06.2022 med vilkår gjeld for tiltaket.
2. Før oppstart skal det takast vassprøver av fangdam 3.
3. Det skal utførast kontinuerleg ukentleg visuell kontroll av fangdam 2 og 3, med foto (gjerne mobilfoto) som dokumentasjon av situasjonen i fangdam 3. Resultat av vassprøvene må førast i loggbok. Ved gjennomsnitt turbiditet over 2,2 FNU, må det gjerast grep for å betre vasskvaliteten og arbeidet må opphøre umiddelbart til utbetring er gjennomført.
4. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk/kloakkanlegg i samsvar med framtidig løyve til påkobling for kvar enkelt bueining.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg.

**2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.**

**Tiltak**

Saka gjeld søknad om igangsetting for grunnarbeider på felt B3b, leilighetsbygg.

Kommunen har i vedtak av 03.06.2022 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 23.12.2022 og supplert 09.01.2023.

**Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken. Trong for tilleggskommunikasjon vart meldt til ansvarleg sækjar ved brev av 06.01.2023, der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Avklaring om det vert søkt igangsetting for heile eller delar av tiltaket.
2. Om søknad om tilkopling til offentleg VA vart sendt kommunen, i samsvar med vilkår sett i rammeløyvet.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg sækjar 09.01.2023. Søknad om tilkopling til VA vert mottatt kommunen den 12.01.2023.

Ansvarleg sækjar og andre involverte føretak må registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for å unngå gjentakning.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 12.01.2023 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

**VURDERING**

**Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg sækjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

**Aktuelt regelverk**

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl §

29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/1514

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

En Til En Arkitekter AS  
Sveåsen AS

Vaskerølv 8 5014  
Strandgaten 9 5013

BERGEN  
BERGEN

